

Her beitar sau



Når snøen smeltar og graset gror, slepp ein sauene og lamma ut på beite. Der et dei gras og urter, som både held landskapet ope og bidreg til viktig mangfald i blant planter og insekt.

Sau og lam er saman med geit det ein kallar småfe. Hosauen blir kalla søye og hannsauen blir kalla vær. Sauen blir para på hausten og lemmer på våren. Om hausten blir lamma slakta og blir ete som fårikål og pinnekjøtt. Fårikål er kåra til Noregs nasjonalrett.

Vi har fleire sauerasar i Noreg, men den vanlegaste er norsk kvit sau. Norsk kvit sau er avla fram frå dalasauen, men veks raskare og produserer meir kjøt. Dalasauen er en eldre rase som også produserer bra med kjøt og mykje, god ull. Nokre sauerasar har horn, som gammalnorsk spælsau.

Sauen blir klipt to gonger i året, og kvart år blir det arrangert norgesmeisterskap i saueklipping. Mellom 20-30 prosent av norsk ull blir brukt i Noreg, medan resten blir eksportert, hovudsakleg til England.

**NORGES
BONDELAG**